

## Definisjonar/begrepsforklaringar

**Synsskarphet:** Evna til å sjå små detaljar (1).

**Synsfelt:** Dei ytre omgivelsene som ein person kan sjå når han ser rett fram (1).

**Augemotorisk funksjon:** Evna til å bevege augene saman (parvis) på ein koordinert måte for å produsera eit klårt bilete (2).

**Visuell oppmerksomhet:** Evna til å observera gjenstandar inngåande og nøyaktig for å leggje merke til informasjon om deira kjenneteikn og deira høve til seg sjølv og andre objekt i omgivelsane. Det krev evne til å ignorere irrelevante sensoriske stimuli og tilfeldige tankeprosessar, og til å oppretthalda fokus i periodar frå nokre sekund til fleire minutt (1). Visuell oppmerksomhet inneber å væra i stand til å skifte visuelt fokus frå objekt til objekt på ein organisert og effektiv måte. Begrepet heng nøye saman med visuell scanning og begrepa vert brukte om kvarandre. (2).

**Visuell søkestrategi:** Evna til å søkje visuelt og måten ein søker på. Søkestrategi er nær knyta til visuell oppmerksomhet (1).

**Pattern recognition»/gjenkjenne form:** Evna til å identifisera framtrudande kjenneteikn ved eit objekt så som ytre form, og heilskaplege og spesifikke kjenneteikn (1, 3).

**Visuell hukommelse:** Evna til å kjenne att visuelle inntrykk, lagre dei i minnet og hente dei fram seinare ved behov (3).

**Visuell persepsjon:** Er «å gi mening til visuell informasjon, eller synsinformasjon. Dette er en prosess som pågår konstant i hjernen når mennesker eller dyr er våkne. Synet er en sans, og et sanseintrykk er i seg selv ikke i stand til å gi en beskrivelse av verden. For at mennesket skal kunne oppfatte og tolke sine omgivelser, må sansning kombineres med persepsjon. Persepsjon inkluderer ervervelse, tolkning, utvelgelse og organisering av sanseinformasjon» (4). Warren omtaler begrepa som evna til å manipulere og integrere visuell informasjon saman med annan sensorisk informasjon for å få kunnskap, løyse problem, formulere planar og ta bestemmelse (1, 3).

## Referansar

1. Warren M. Evaluation and treatment of visual deficits following brain injury. In: Heidi McHugh Pendleton WS-K, editor. Pedretti's Occupational Therapy: Practice skills for physical dysfunction. St. Louis: Elsevier Science/Mosby; 2013.
2. Warren M. The biVABA Test Manual, Reproducible Assessment Forms and Instructional Videos [CD-rom]. Alabama: VisABILITIES Rehab Services Inc; 1998.
3. Warren M. A hierarchical model for evaluation and treatment of visual perceptual dysfunction in adult acquired brain injury part 1. AJOT. 1993;47(1):42 - 54.

4. Sveen U. Visuell persepsjon: Store norske leksikon; [cited 06.03.2014]. Available from: [http://sml.sn.no/visuell\\_persepsjon](http://sml.sn.no/visuell_persepsjon).